

Fra: Lene Seime [lene.seime@gloppen.kommune.no]
Sendt: 15. oktober 2011 16:18
Til: Sørensen Jan
Emne: Høyringsuttale Breim Kraft AS

Høyringsuttale Breim Kraft

Utbygging av vannkraftverk i Breimselva vil vere ei trasig hending for framtida. Elva er ein del av byggda vår, ved å byggje ut den vil det vere det same som å ta ein del av byggda ifrå oss. Eg personleg har alltid vore betatt av elva, eit fantastisk syn som og gjev fantastiske naturopplevingar. Elva er kjent innan elvepadlinga sitt miljø, både her til lands og i utlandet. Det kjem folk ifrå tyskland og andre land for å padle i elva. Eg har sjølv padla ein del i denne elva, som er ei av dei betre padleelvane. Den har stryk som kan utfordre einkvar elvepadlar, uansett nivå. Der er fine valser ein kan leike i, dropp, rolegare stryk, og meir krevjande stryk. Dette er frå vassverket på Byrkjelo og ned heile elva. Når ein kjem til elveosen er det eit sjeldent og fint område. Ved ei eventuell utbygging vil dette ta ifrå andre moglegheita til å få denne naturopplevinga i elva. Eg vil med dette på det sterkaste fråråde kraftutbyggig i elva. Deler dette synet med min mann Svein Ove Langeteig

Mvh
Lene Seime
6823 Sandane

Svein Ove Langeteig
6823 Sandane